

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leikanger

Emne: Måltider og mat

Bygdelag:

Oppskr. av: Olav P. Hatleli

Gard: Hatleli

(adresse): Fresvik.

G.nr. 47 og 48 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1-3. I eldre tider hadde dei ~~fyre~~ um sjuvarene fire måltider: Bisk kl. 5 - 5½ (Di skulde vera på arbeid kl. 6). Daur kl. 10, non kl. 15, kveldsmat i 21-tidi.

Um vinteren künde det vera berre tre måltider: Bisk kl. 8, non: 15-tidi og kveldsmat: 20-tidi.

4. Nei, ikkje vanleg.

6. Bisk, non, kveldsmat var varme retter.

7. Søndag var det beste mat enn elles.

Vanleg var det kjøt til non dei dagar.

8. Um sjuvarene künde det vera noko beste kost - solis meir smør til bisk enn um vinteren.

9. Dette künde ymsa. Fisk og sild vart brukte både til bisk og til non; men det skifte solis at ein dag künde det vera sild og poteter til bisk, fisk og poteter til non, neste dag umsmitt eller det künde vera kjøt til non. Ein dag i veka var det gjerne kjøt til bisk.

11. Døme på kvardagskost

1) Bisk: Tyresuppe (kokt av vatn med litt sur myseilag og heimeavla byggmjöl), flatbröd med smör og ost (gamalost, kvit geitost eller ost av skünla künmjölk (reude kvitost, reudekrimost)).

Daur: Graüt (kokt av vatn og heimeavla byggmjöl) og mysa

Nov: Poteter med fisk, sild eller kjøt (ofte spekekjøt eller spekeflisk) med myse eller myseblanda til drikk

Kveldsmat: Graüt og myse.

2) Bisk: Sild ^{eller fisk} og poteter med mysa til drikk

Daur: Graüt med mysa (sjeldan mjölk)

Nov: Poteter og fisk (eller sild), mysa eller mjölk.

Kveldsmat: Graüt med mysa.

Søndag

Bisk: Bröd med smör og ost. Mjölk.

Daur: Graüt eller mjölkesoll (braüt flatbröd i mjölki)

Nov: Kjøt og poteter. Myse

Kveldsmat: Graüt og mjölk.

Ferskt kjøt vart ikkje bruka.

Det måtte alltid liggja i salt fyrst.

Nokon serleg skilnad på rettene sūmar og vinter var det ikkje.

13. Røme graüt og mylsa har vore „nasjonalrett.“
Men no lyt kaffi og „småkaker“ vera med.

15. Dei fleste lever meir flott no enn fyrr,
av di det er meir flüst med pengar millon folk.
Eles er det ikkje noko skifte å nemna.